

Alver kommune  
Pob 79  
5906 Frekhaug



## Reguleringsplan Fv 57 Lindås-Mongstad

08. mars 2021

Som eigar av Grn 116 Brn 36 har eg motteke skriv frå dykk vedk høyring.

Eigedomen min vart regulert til naustetomt og godkjent av:

- Lindås Kommune
- fylkesmannen i Hordaland

Statens Vegvesen nektar nedkøyring til nausteområdet.

I same området er 2. hytter og 2 naust i dag

Når sykkeltraseen vert bygd må vegmyndigheitene laga ny på-og avkøyrse til dei som **allereide har bygd og har nausta sine på staden**. Vil ikkje dette gjelda ogso for min eigedom?

I ca 10 år har Statens Vegvesen stoppa meg i å få køyrebar avkøyrse for vegtilkomst til nausteområdet og plass på min eigen tomt til å parkere nokre bilar. Dette har hundra meg sjølv i å koma inn på tomten med bil og å hindra sal av øvrige naustetomtar.

Som «menigmann» har eg hittil funne meg i dette, vegmyndigheitene har ikkje akkurat ord på seg får å vera lette å ha med å gjera.

Då det no er ny runde med høyring, vil eg ha svar på om de har hatt rett i å hindra meg i å få køyrbar tilkomst og ber om at De viser til lovverket som gjev dykk rett.

Svaret dykker vil fortelja meg om eg skal søkja juridisk hjelp til å sjå vidare på dette.

Mh

A handwritten signature in blue ink that reads "Karstein Stone".

Karstein Stone  
Hellebakken 3  
5039 Bergen